



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Gloppen hotell på Sandane
Dato: 26.03.2025
Tidspunkt: 10:30

Velkomen til det andre møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2024.

Eventuelt forfall må meldast snarast til ein av forvaltarane Trygve Snøtun på tlf 95 79 44 84 eller Tor Arne Hauge på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing
Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 5/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 6/25	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 7/25	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Prioritering av tiltaksmidler 2025		2024/17214
ST 8/25	Jostedalsbreen nasjonalpark - Kjøsnesfjorden/Trollavatnet - Motorferdsel med helikopter - Eviny Fornybar AS		2025/2507
ST 9/25	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 1/25	Svar på brev frå Bødal sameige		2024/16195
RS 2/25	Rapport arbeid i Nasjonalparken 20024		2023/14573
RS 3/25	Rapport helikopterflyging 2024 Kjøsnesfjorden		2020/12476
ST 10/25	Delegerte saker		
DS 1/25	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Lågtflyging med helikopter - Skålabreen - 2025 - Universitetet i Bergen		2025/2838

Orienteringssaker:

1. Rapport frå SNO 2024
2. Status i sekretariatet
3. Status arbeid med forvaltningsplan
4. Rapportar frå basiskartlegging Røykjedalen og Bergsetdalen i 2024
5. Opning av utsiktspunkt ved Bøyabreen 13.mai
6. Opning av start- og infopunkt ved Tungestølen 13.juni
7. Studietur 23.-25.juni - førebels forslag til reiserute og opplegg
8. Besøk av Folgefonna nasjonalparkstyre
9. Stiskule på Sandane 10.-13.juni
10. Fonn bru - kostnadsoverslag
11. Møte med Bødal sameige
12. Kunstprosjektet The Herds - til Jostedalsbreen?
13. Orienteringssaker til styret - drøfting av ny mal
14. Mediesaker sidan sist

ST 5/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 6/25 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2024/17214-6
Sakshandsamar: Trygve Snøtun
Dato: 19.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	7/25	26.03.2025

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Prioritering av tiltaksmidler 2025

Innstilling frå forvaltar

1	Slått i Sunndalen	15000
2	Rydding av kulturlandskap ved Sunndalssætra	50000
3	Stiltak i Sunndalen	25000
4	Slått i Erdalen	15000
5	Rydding av kulturlandskap ved Storesætra i Erdalen	30000
6	Vedlikehald av risgjerdet ved Reset i Erdalen	30000
7	Stiltak i Erdalen	15000
8	Rydding av kulturlandskap i Bødalen	40000
9	Rydding av kulturlandskap ved Tungestølen	30000
10	Rydding av kulturlandskap ved Vetledalsætra i Erdalen	30000
11	Rydding av kulturlandskap i Befringsdalen	30000
12	Innfallsport Stardalen	50000
13	Utforming av innhald til infotavler	50000
14	Oppsetjing av infotavler ved innfallsportar	250000
15	Rydding av sti til Bergsetbreen	20000
16	Uthenting av brurestar og skrot ved Tverrdalskyrkja	20000
17	Kanalisering og utbetring av sti Haugabreen	0
18	Innfallsport Supphellebreen	0
19	Restaurering av sti Lundeskaret	0
20	Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	0
21	Ferdselsteljing ved utvalde stiar	0
	Sum	700 000



Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet handsame om det skulle dukke opp nye moment som endrar føresetnadane for dei einskilde prosjekta. Nasjonalparkstyret har høve til å søkje om meir midlar til prosjekt i supplerande tildelingsrundar dersom større uføresette hendingar eller behov dukkar opp. Sekretariatet bør rådføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom det ikkje er kapasitet til å følgje opp prosjekta. Styret skal fortløpande orienterast om prosjekta i løpet av året.

Dokument i saka

- Styresak 39/24 – 26.11.2024 - Bestillingsdialog og tiltaksplan 2025
- Brev frå Miljødirektoratet av 08.11.2024 - Rammer og opplegg for statsforvalterne og verneområdestyrene – midler til tiltak i verneområder og naturrestaurering, samt SNO-ressurser i verneområder - 2025
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027

Saksopplysningar

I styresak 39/24 Bestillingsdialog og tiltaksplan 2025 gjorde nasjonalparkstyret følgjande samrøystes vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2024 slik den ligg føre.

Sekretariatet får fullmakt frå styret til å leggje til mindre tiltak og justere summer fram mot søknadsfrist 10.januar 2025 i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadsregister (ESS).

Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, då dette skal gje grunnlag for bruk av nasjonalparken som ein ressurs for lokalsamfunna. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må difor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt vedlikehald av stiar, restaurering og tilrettelegging i område som toler meir bruk.

Skjøtsel av kulturlandskap skal i 2025 prioriterast i alle område med utarbeidd skjøtelsesplan. Skjøtsel skal utførast i nært samarbeid med grunneigarar/brukarar og SNO.

Sekretariatet la tidleg i januar inn søknad om tiltaksmidlar for totalt 21 prosjekt med ein samla søknadssum på kr 700 005 i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS), sjå tabell 1.

I e-post frå Miljødirektoratet februar 2025 fekk sekretariatet melding om at årets tildeling av tiltaksmidlar (post 1420.31) var lagt inn i elektronisk søknadsregister ESS. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tildelt ein samla pott på kr 700 000,- i 2025 over post 1420.31 – midlar til tiltak i verneområde. Det er kr 5,- mindre enn omsøkt, noko som betyr at det ikkje er naudsynt å kutte i prosjekt.



Tabell 1 Oversikt over innsendt søknad om tiltaksmidler 2024 – Post 1420.31

Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn på tiltaket	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Slått i Sunndalen	Slått	Engslått	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	15 000
2	Rydding av kulturlandskap ved Sunndalssætra	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
3	Stiltak i Sunndalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	25 000
4	Slått i Erdalen	Slått	Engslått	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	15 000
5	Rydding i kulturlandskap ved Storesætra i Erdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
6	Rydding i kulturlandskap Vetledalsætra i Erdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

7	Vedlikehold av risgjerdet ved Reset i Erdalen	Restaurering	Skjøtsel i tilknytning kulturminner	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
8	Stiltak i Erdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	15 000
9	Rydding av kulturlandskap i Bødalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
10	Rydding av kulturlandskap ved Tungestølen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
11	Rydding av kulturlandskap i Befringsdalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
12	Innfallsport Stardalen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
13	Utforming av innhold til infotavler	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
14	Oppsetjing av infotavler ved innfallsportar	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	250 000
15	Rydding av sti til Bergsetbreen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
16	Uthenting brurestar og skrot ved Tverrdalskyrkja	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
17	Kanaliserings og utbetring av sti Haugabreen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanaliserings	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	1
18	Innfallsport Supphellebreen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	1
19	Restaurering av sti Lundeskaret	Restaurering	Skjøtsel i tilknytning kulturminner	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	1
20	Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	1
21	Ferdselsteljing langs utvalde stiar	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	1
						700 005



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har tidlegare år både søkt og fått meir midlar enn i 2025. Med tidlegare midlar er det mellom anna kjøpt inn skilttavler og fundament som vi har på lager. Desse ønskjer vi i stor grad å få plassert ut ved innfallsportane i løpet av året, noko som inneber at aktiviteten fortsatt skal vere høg sjølv med noko mindre tiltaksmidlar.

Alle dei 21 omsøkte tiltaka er vurdert av miljødirektoratet til å vere innanfor postføremålet i post 1420.31.

Sidan tildelinga vart det same som omsøkt, er det i utgangspunktet ikkje naudsynt med store endringar i tiltak samanlikna med styresak 39/24. I vedtaket frå styresak 39/24 vart sekretariatet gjeve fullmakt til å leggje til mindre tiltak og justere summar fram mot søknadsfrist 10.januar 2025. Sekretariatet nytta handlingsrommet noko til å få justert opp nokre skjøtselstiltak med 30 000 kr i Erdalen som vi meiner bør og kan gjennomførast i 2025. Det kan og vere mogeleg å be om ekstraløyvingar til einskilde tiltak, men det er ingen garanti for at ekstramidlar vert prioritert til Jostedalsbreen nasjonalpark. Etter at søknad om tiltaksmidlar vart handsama i nasjonalparkstyret 26.11.2024 og søknad sendt inn, har det vore fleire hendingar med stor vassføring/flaum og skred. Sekretariatet har ikkje full oversikt på om det er større skadar per dags dato, men omfanget kan påverke prioriteringar i 2025.

Ved tildelinga av drifts- og planmidlar for 2025 vart det lagt til ei grunnstøtte drift til nasjonalpark- og verneområdestyrer. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tildelt kr 150 000,- i grunnstøtte drift. Denne grunnstøtta har nasjonalparkstyret ei friare råderett over, og kan nyttast til drift, kunnskapsinnhenting, vedlikehald, fornying av infrastrukturtiltak, informasjonsarbeid mv.

Det vart søkt om totalt kr 517 000 til drift av nasjonalparkstyret, inkludert midlar til møter, studietur, planarbeid, fuglekartlegging, drift av nettsider og Europarc-medlemskap. Totalt vart det tildelt kr 480 000 (inkludert grunnstøtte drift). Om alle planar, driftskostnader og kartlegging skal gjennomførast, må det avkortast på noko anna.

Vurdering

Sekretariatet ser liten grunn til å endre verken prioritering eller midlar til planlagde tiltak som vart omsøkt gjennom ordninga «Midlar til tiltak i verneområde, kap 1420 post 31», då nasjonalparkstyret fekk tildelt som omsøkt. I all hovudsak omhandlar tiltaka skjøtsel av kulturlandskap og etablering av innfallsportar, samt noko rydding og vedlikehald av eksisterande infrastruktur.

Om større uføresette hendingar har gjort/gjer skade på installasjonar og infrastruktur, har nasjonalparkstyret høve til å søke om ekstra midlar. Det er ingen garanti å få ekstra midlar, men sekretariatet meiner at det ligg eit handlingsrom i tiltak 14 «Oppsetjing av skilttavler ved innfallsportar». Tiltaket er estimert til kr 250 000. Dersom tiltaket blir redusert vil framdrifta på innfallsportar gå noko ned.

I søknad til «Behovsinnmeldingen» til drift av styre, studietur, planarbeid, kartlegging av fuglefauna i Befringsdalen og driftsutgifter fekk Jostedalsbreen nasjonalparkstyre noko mindre enn omsøkt, totalt kr 480 000 i staden for omsøkte kr 517 000. Sekretariatet meiner



likevel at alle tiltaka/postane kan gjennomførast dersom nasjonalparkstyret gjennomfører ein kortare studietur og har færre styremøte med overnatting.

Sekretariatet tilrår følgjande prioritering av tiltaksmidlane og behovsmidlar for 2025, justeringar frå søknaden er merka med raudt i tabellen:

Forslag – prioritering av tiltaksmidlar 2025

Pri	Namn på tiltak	Søknad	Justert forslag
1	Slått i Sunndalen	15000	15000
2	Rydding av kulturlandskap ved Sunndalssætra	50000	50000
3	Stiltak i Sunndalen	25000	25000
4	Slått i Erdalen	15000	15000
5	Rydding av kulturlandskap ved Storesætra i Erdalen	30000	30000
6	Vedlikehald av risgjerdet ved Reset i Erdalen	30000	30000
7	Stiltak i Erdalen	15000	15000
8	Rydding av kulturlandskap i Bødalen	40000	40000
9	Rydding av kulturlandskap ved Tungestølen	30000	30000
10	Rydding av kulturlandskap ved Vetledalsætra	30000	30000
11	Rydding av kulturlandskap i Befringsdalen	30000	30000
12	Innfallsport Stardalen	50000	50000
13	Utforming av innhald til infotavler	50000	50000
14	Oppsetjing av infotavler ved innfallsportar	250000	250000
15	Rydding av sti til Bergsetbreen	20000	20000
16	Uthenting av brurestar og skrot ved Tverrdalskyrkja	20000	20000
17	Kanalisering og utbetring av sti Haugabreen	1	0
18	Innfallsport Supphellebreen	1	0
19	Restaurering av sti Lundeskaret	1	0
20	Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	1	0
21	Ferdselsteljing ved utvalde stiar	1	0
	Sum	700 005	700 000

Forslag – prioritering av behovsmidlar 2025

	Søknad	Justert
- Driftsmidlar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	334 000	334 000
- Studietur	100 000	63 000
- Planarbeid	30 000	30 000
- Kartlegging fuglefauna i Befringsdalen	40 000	40 000
- Drift av nettsider	4 000	4 000



- Europarc medlemskap	9 000	9 000
Sum	517 000	480 000



Arkivsaksnr: 2025/2507-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 17.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	8/25	26.03.2025

Jostedalsbreen nasjonalpark - Kjøsnesfjorden/Trollavatnet - Motorferdsel med helikopter - Eviny Fornybar AS

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gir, med heimel i naturmangfaldlova sin § 48, løyve til Eviny Fornybar AS for helikopterflyging og landing ved omsøkte punkt i verneområdet i samband med drift og tilsyn av kraftverket med tilhøyrande anlegg.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld bruk av helikoptertransport til personell og utstyr kring Trollavatnet/Eviny Fornybar AS sine installasjonar
2. Løyvet gjeld frå dags dato og fire år fram i tid, altså t.o.m. 25. mars 2029.
3. Det skal ikkje vere lågtflyging og landing med helikopter i perioden 1.april til 15.juni i område som er avmerkt som beiteområde og som ligg innanfor nasjonalparken.
4. Flyginga bør være mest mogeleg konsentrert i tid, og unngå helgedagar, heilagdagane og store utfartsdagar grunna omsynet til friluftslivet.
5. Helikopterflyginga må avgrensast til det som er strengt naudsynt for drift og tilsyn av anlegg, og de må ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
6. Det skal ikkje landast innanfor 1 km frå observert villrein.
7. Rapport om flyginga, datoar, omfang og spesielle observasjonar sendast til nasjonalparkstyret innan 1. desember kvart år

Det vert i utgangspunktet ikkje gjeve løyve til lågtflyging langs traséen sør for Sygnesandnipa, då det er heilt kurant å fly den nordlege ruta for å unngå flyging langt innanfor nasjonalparkgrensa. Dersom vêrtilhøva eller anna likevel tilseier at det er umogeleg å flyge den nordlege ruta, må nasjonalparkforvaltar varslast pr telefon/e-post.

I saker som omhandlar motorferdsle må alltid nødvendige løyve frå grunneigarar og kommune innhentast før flyging.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om forlenging av avtale om landingstillating Kjøsnesfjorden Kraftverk, Eviny Fornybar AS, 07.02.2025
- Løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, utvalssak 21/20, datert 15.10.2020
- Fråsegn frå Villreinnemnda i Sogn og Fjordane, datert 10.03.2025
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark

Søknaden

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre mottok 07.02.2025 følgjande søknad frå Eviny Fornybar AS:

*Kjøsnesfjorden Kraftverk AS (no **Eviny Fornybar AS**) har konsesjon for regulering av Trollavatn og overføring av diverse bekkeinntak i Jølster kommune (no **Sunnfjord kommune**) av 7. mai 2004, endra 17. april 2009.*

Drift av regulerings- og overføringsanlegga i fjellet krev bruk av helikoptertransport til personell og utstyr.

Flyginga vil eksempelvis vere relatert til:

- Lovpålagt driftstilsyn
- Vedlikehald av installasjonane
- Manøvrering av luker

I utstrekning vil årlig flyging typisk utgjere:

- 1 hovudtilsyn
- Sesonginspeksjonar
- Driftsoperasjonar knytt til spyling og reinsking av bekker.
- 1-3 opningar av luker

Det kan forekomme år der vi får hyppigare flyging, som t.d. 2024. Dette året måtte vi etablere ny vannstandsmåling, fjellreinsking/sikring (tilkomst til ein av bekkane) og nye klopper vart etablert i turstien.


Vi gjer oppmerksom på at det ved kvar flyging vil vere aktuelt å lande på ulike installasjonar.

Eviny Fornybar AS søker med dette om løyve tilhelikopterflyging og landing i Jølster i nærleiken til våre installasjonar. Søker då om ny fireårleg tillating.


Kjøsnesfjorden Kraftverk AS har tidlegare fått 4-årige løyver frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre til lågtflyging og landing med helikopter på utvalde stader i nasjonalparken. Løyva er datert 01.09.2016 og sist 15.10.2020. *Figur 1* er ei skisse over området med bekkeinntak og andre installasjonar der aktuelle traséar for helikopterfrakt er teikna inn med rosa tusj. henta frå I 2017 vart det gjennomført ei grensejustering slik at alle installasjonane til Kjøsnesfjorden Kraftverk AS (no Eviny Fornybar AS) vart liggjande utanfor vernegrensa, sjå *figur 2*.



Helikoptertrafikk som skjer utanfor vernegrensa krev ikkje dispensasjon frå verneforskrifta til Jostedalsbreen nasjonalpark. Når flyginga skjer så nær vernegrensa at helikopter kan koma inn over verneområdet vil det likevel vere rett å ha løyve etter verneforskrifta. Etter grensejusteringa vil flyginga for det meste utførast utanfor vernegrensa, det er berre ved flyging etter sørleg trasè sør for Sygnesandsnipa at flyging vil skje godt innanfor vernegrensa.



Figur 1: Aktuelle traséar for flyging til bekkeinntak og andre installasjonar kring Kjøsnestjønn. Grensene for Jostedalsbreen nasjonalpark er slik grensa vart vedteke ved Kgl. res. 25.10.1991.




Figur 2: Trollavatnet og omkringliggjande områder med justerte grenser av 2017.

Området rundt Grovabreen er innanfor Sunnfjord villreinområde. Det er difor henta inn uttale frå villreinnemnda. Området vest for Trollavatnet er avmerkt som *sommar- og haustbeite*, medan området nord og vest for Grovabreen er avmerkt som *vinterbeite og vårbeite bukk*, sjå figur 3.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har kome med følgjande fråsegn til søknaden:

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane viser til søknad om helikopterflyging ved Kjøsnesfjorden kraftverk for åra 2025-2028, og nemnda har følgjande merknader til søknaden:

- *Fleire av stadene det er søkt om å lande ligg inne i, eller på grensa til, leveområdet til villreinen i Sunnfjord villreinområde.*
- *Det bør ikkje vere lågtflyging og landing med helikopter inne i villreinen sine beiteområde i tida 1.april til 15.juni.*
- *Det bør settast standardvilkår om at det ikkje skal landast innanfor 1 km frå observert villrein.*



Figur 3: Kart med dei austlegaste delane av Sunnfjord villreinområde skravert.

Lovgrunnlag:

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Nasjonalparkstyret kan gje unntak frå vernereglane dersom det ikkje strir mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, og då, i dette tilfellet, bruke den generelle unntaksregelen i naturmangfaldlova sin § 48.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Vurdering

Forvaltar har vore i felt i området inst i Kjøsnestfjorden, og vurderer at det ikkje er mogeleg å ta seg fram til fleire av bekkeinntaka til fots. Det er særleg bratte fjellsider, og utilgjengelege område. Alternative driftsmetodar enn helikopter er såleis ikkje mogeleg (nml §§ 8,12). Områda består av fjell, og område nærre bre med lite vegetasjon. Det er fleire turstiar i området, m.a. stien opp Lundeskaret som nasjonalparkstyret har oppgradert, samt Sygnesandsdalen, inn til Femtevatnet, m. fl. Indre Sunnfjord og Jølster aukar stadig i popularitet som turdestinasjon. Det er ikkje registrert reir eller hekking av spesielt sårbare artar i umiddelbar nærleik til dei omsøkte landingsområda (nml § 8). Men det er enkelte observasjonar av kongeørn i området. Det kan heller ikkje utelukkast at det er andre sårbare fugleartar i dette området.

Villrein er ein art som vil kunne være sårbar for helikopterstøy, særleg i kalvingstida og på vinteren. Det er difor viktig å unngå forstyrning i kalvingsområda i den sårbare tida på våren og på ettervinteren. Den omsøkte flyginga vil ikkje skje nær kalvingsområde, men kan tangere innom vinterbeiteområde og sommarbeite. Villreinemnda har difor tilrådd at det ikkje bør vere lågtflyging og landing i villreinen sine beiteområde i tida 1.april til 15.juni. Erfaring frå tidlegare år tilseier at det er lite flyging på våren. I perioden 2016 til 2024 er det berre rapportert om to dagar med flyging i den sårbare perioden på våren. Forvaltar meiner at løyvet i perioden 1.april til 15.juni bør avgrensast til å gjelde berre område utanfor villreinområdet.

Samla belastning av helikoptertrafikk i dette området er liten (nml § 10). Den motoriserte ferdsla kan påverke villreinen i området, og nasjonalparkforvaltaren vurderer såleis at det ikkje er naudsynt å fly den sørlege traseen ved Sygnesandsnipa. Den nordlege traseen er betre å nytte i så måte, då den går i mindre grad innom villreinområdet og ikkje går innom nasjonalparken (nml §§ 9, 12), sjølv om ruta kanskje er lenger i luftlinje (nml § 11).

Så lenge flyginga skjer utanfor vernegrensa treng ein ikkje dispensasjon frå verneforskrifta for å utføre dette. Når flyginga skjer så nær vernegrensa at helikopter kan koma inn over verneområdet vil det likevel vere greit å ha løyve etter verneforskrifta. Etter grensejusteringa som vart gjort i 2017 vil flyginga for det meste kunna utførast utanfor vernegrensa, det er berre ved flyging etter sørleg trasè sør for Sygnesandsnipa at flyging vil skje godt innanfor vernegrensa.

Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro (nml § 10). Eviny Fornybar bør unngå motorisert ferdsel i helgene, og det bør ikkje vere motorisert ferdsel i dei store utfartsdagane i mai og juni (kring 1. mai, 17. mai, Kr. Himmelfartsdag og pinse).

Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet og heller ikkje medføre negativ påverknad på naturmangfaldet.

Nasjonalparkstyret plar å gje fireårige løyve, og forvaltar tilrår at søknaden frå Eviny Fornybar AS også vert tildelt fireårig løyve i praksis med tidlegare løyver.

ST 9/25 Orienterings- drøftings- og referatsaker
RS 1/25 Svar på brev frå Bødal sameige
RS 2/25 Rapport arbeid i Nasjonalparken 20024
RS 3/25 Rapport helikopterflyging 2024 Kjøsnesfjorden
ST 10/25 Delegerte saker



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyret**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Rådhusvegen 1
6868 Gaupneststed

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3139
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyret.no/jostedalsbreen>

UNIVERSITETET I BERGEN DET MATEMATISK-NATURVITENSK
FAK
Postboks 7803
5020 BERGEN

Sakshandsamar Trygve Snøtun

Vår ref. 2025/2838-0

Dykkar ref.

Dato 14.02.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	1/2025
----------------	--------

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - Lågtflyging med helikopter - Skålabreen - 2025 - Universitetet i Bergen

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyret 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gir, med i heimel i kapittel IV, punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, løyve til Universitetet i Bergen til motorisert ferdsel med lågtflyging med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med isradarmålingar på Skålabreen.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området, og den skal gjennomførast mest mogeleg konsentrert i tid.
- Løyvet gjeld for tidsrommet frå veke 7 til og med veke 13 2025.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar og heilag dagar.
- Løyvet til lågtflyging med helikopter for målingar med isradar gjeld for ein dag.
- Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltar skal varslast før flyging, og forvaltar kan utsette flyging i særleg utføresette tilfelle.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyret skal ha rapport i etterkant av feltarbeidet, og om de har gjort eventuelle observasjonar av dyr eller spor eller liknande undervegs.

Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Det må også søkast om løyve etter motorferdsellova i Stryn kommune.



Dokument i saka

- Søknad om løyve til lågtflyging i Jostedalsbreen nasjonalpark frå Universitetet i Bergen ved Jostein Bakke, datert 22.01.2025.


Søknaden

Universitetet i Bergen ved Jostein Bakke, heretter kalla UiB, søkte i e-post datert 22.01.2025 om løyve til å fly helikopter lågare enn 300 meter over bakken for å gjennomføre isradarmålingar på Skålabreen. Prosjektet skal kartlegge topografi under breen.

I søknaden frå UiB står det:

«På vegne av Universitetet i Bergen, Bjerknessenteret og HVL i Sogndal søker eg med dette om løyve til å gjennomføre isradar målingar på Skålabreen, rett aust for Skålatårnet, med helikopter. Vi treng ikkje lande på breen men vi treng løyve til å fly ca. 30 meter over isen. For å gjennomføre flygingane må det vere godt vær og vi satsar på å gjere undersøkingane i tidsrommet frå veke 7 til veke 13. Vi reknar med at det totalt vil bli omlag ein time med flytid for å gjennomføre prosjektet. Vi skal bruk Fjordhelikopter i Stryn for å utføre oppdraget

Formålet med undersøkingane er å teste ut ulike strategiar korleis ein best kan samle inn denne typen data med helikopter. Vi treng difor å fly fram og tilbake dei same linjene eit par gonger. Dei innsamla data vil vere utgangspunkt for mellom anna å kartlegge moglege vassveggar under isen i eit framtidig varmare klima der breen er mindre, samt gjere volumberekningar av is mengda på breen. Kunnskap om landskapet under isen er dessutan viktig for å forstå kvar det kan dukke opp potensielt farlege innsjøar når breen no smeltar rast tilbake. Metodane vi nyttar medfører ikkje noko fare for forureining eller anna øydelegging av natur.»



Figur 1: Kartutsnitt som syner den aktuelle Skålabreen og omlandet rundt.

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova.

Verneforskrift og verneformål

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det i kapittel III:

«Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta kapittel IV, pkt. 4.1). Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til motorferdsel i samband med vitskaplege granskingar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon, jf. kapittel IV, punkt 4.3. Følgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere



motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter verneforskrifta kapittel IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Omsøkt løyve til lågtflyging over Skålabreen kjem i kjølvatnet av JOSTICE-prosjektet, som mellom anna kartla topografien under heile Jostedalsbreen. Fleire av dei same institusjonane ønskjer nå å kartlegge fleire brear, samt betre metodane for gjennomføring av datainnsamling. Til saman vil flyginga ta kring ein time.

I ei tid der klimaet blir varmare og breane mindre, er det viktig å ha kunnskap om isvolum, dreneringsvegar under isen og potensielle bredemte innsjøar i nasjonalparken. Dermed vil resultatane frå prosjektet vere av både vitskapleg interesse og forvaltingsinteresse.

I verneforskrifta til Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel 4, punkt 4.3 står det at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til mellom anna motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon. Universitetet i Bergen stettar desse krava. Vidare i forvaltingsplanen står det i retningslinjene for forskning og undervisning (kap. 7.3.12): «Forskning og undervisning i Jostedalsbreområdet er positivt og nyttig, men forskning og undervisning må ikkje gå ut over verneverdiane og verneinteressene.»

Alle breformer er på Norsk raudliste for naturtypar (2018) vurdert som sårbar. Skålabreen er ein nordvendt botnbre som drenerer mot Oppstrynsvatnet. For å kunne ta vare på og forvalte områda på og rundt breen er det viktig å ha kunnskap om området.

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt.

Planlagt flyging vil føregå i eit avgrensa tidsrom på ei tid av året det er relativt lite aktivitet i området, og vurderast difor å ha liten negativ påverknad på friluftsliv. Det er ikkje planlagt landingar nokon stad. Gjennomføring vil føregå i ein periode der fuglar kan vere på leit etter eigna hekkestader, men med eit så avgrensa tidsrom vurderast dette som ei minimal påverknad (nml § 8). Etter nasjonalparkforvaltaren si oppfatting ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor lita vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Helikopter er naudsynt hjelpemiddel til arbeidet (nml § 12). Sjølv om tiltaket isolert sett i liten grad vil påverke naturlandskapet, må den einskilde søknaden vurderast etter prinsippet om samla belastning (naturmangfaldlova § 10). Nasjonalparkforvaltaren kan ikkje sjå at den samla belastninga for området blir for stor, då det er generelt lite aktivitet i område på denne tida, lite motorisert ferdsel og løyvet er avgrensa i tid og stad.



Av omsyn til folk som ferdast på og ved Jostedalsbreen, blir det sett vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. UiB bør unngå motorisert ferdsel i helgene. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka til ikkje å vere i strid med verneføremålet.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Snøtun
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland
Stryn kommune
Statens Naturoppsyn

Njøsavegen 2
Tonningsgata 4
Postboks 5672 Sluppen

6863 LEIKANGER
6783 STRYN
7485 TRONDHEIM